



Stordal kommune



Årsmelding 2018



Innhold

Rådmannen har ordet.....	2
Stordal kommune – organisering.....	4
Politisk organisering.....	4
Administrativ organisering.....	5
Organisasjon og medarbeidarar	6
Opplysningar om økonomisk stilling og resultat av verksemda	9
Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen / Felles tenester	13
Vekst i Stordal.....	14
Rammeområde 2 Oppvekst og kultur	16
Oppvekst	16
Andershaugen barnehage	17
Stordal skule	18
Stordal Kulturskule.....	22
Kultur.....	23
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg.....	28
Pleie- og omsorgstenesta.....	29
Helsetenesta	33
Rammeområde 6 – Etat for tekniske tenester, plan og utvikling, TSSN	35
Rammeområde 9 – Finansinntekter/finansutgifter	37

Rådmannen har ordet

Stordal kommune er i omstilling på mange måtar.

I 2018 vart folketalet i Stordal kommune redusert med 25 personer, og ved utgangen av året var vi 947 stordalingar.

Folkemengda i alt	2014	2015	2016	2017	2018
Stordal	1043	1020	1005	972	947
Endring frå forrige år		-23	-15	-33	-25

Folketalet har hatt ei negativ utvikling dei siste 3 åra, og kommunen sine frie inntekter endrar seg i takt med folketaletsutviklinga. Det er krevjande å oppretthalde like gode kommunale tenester når vi stadig har mindre midlar til disposisjon. Dette krev omstilling på mange område, både i kommuneorganisasjonen og i lokalsamfunnet.

I kommuneorganisasjonen er det sett stort fokus på økonomi og budsjettdisiplin. Netto driftsresultat har hatt ei betring på om lag 1,7 mill. dei siste to åra. Dette er ei betydeleg betring, men også heilt nødvendig.

For kommunen betyr færre innbyggjarar også at færre bidreg til auka verdiskaping for kommunen og lokalsamfunnet elles. For Stordal kommune er det derfor særskilt viktig å legge til rette for omstilling og utvikling av næringslivet – enten det no gjeld etablering av nye bedrifter i kommunen eller utvikling av eksisterande selskap. I denne samanhengen spelar prosjektet «Vekst i Stordal» ei viktig rolle. Dette er ei viktig satsing for Stordal kommune som har fått avgjerande økonomisk støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Prosjektet er nærare omtalt lenger bak i årsmeldinga.

Kommunen sine økonomiske ressursar er over tid redusert samstundes som krava til kommunale tenester aukar. Dette er ein motsetnad som gjer at arbeidet med kommunesamanslåing vert svært viktig framover. Samanslåing med Norddal kommune til Fjord kommune vil gi ei heilt nødvendig styrking av kommuneorganisasjonen for framtida. Samstundes vil Fjord kommune framleis vere ein liten kommune – ein kommune som i stor grad vil vere avhengig av interkommunale samarbeid for å fylle sitt ansvar på dei ulike fagområda.

I løpet av 2018 har arbeidet med kommunesamanslåing tatt nye steg. Arbeidsgrupper på dei ulike fagområda er sett i sving, og involvering av dei tilsette i omstillingsarbeidet er viktig. Det gir både fagleg forankring og kjennskap til kvarandre sine organisasjonar. Tillitsvalde sine organisasjonar deltek aktivt i omstillingsarbeidet.

Rådmannen vil rette ein stor takk til kommunen sine tilsette for jobben som vert gjort i alle deler av organisasjonen. Dei tilsette sin innsats utgjer ryggrada i kommunen si tenesteyting, og vert svært viktig for kommunen sitt omstillingsarbeid framover. Kommunen som lokal mynde samhandlar med ei rekkje aktørar - innbyggjarar, næringsliv, frivillige lag/organisasjonar, fylkeskommune, andre kommunar og statlege etatar.

Takk til alle for eit godt samarbeid!

Politiske og administrative endringar i 2018

Det har vore fleire endringar i kommuneleiinga også i 2018.

- Ingvild Nergård Hattrem slutta i stillinga som assisterande rådmann 4.oktober.
- Kjetil Heggem starta i stillinga som avdelingsleiar for Open omsorg (Felles leiar for butenesta og heimetenesta) frå 1.mars 2018.
- Michael Aasen vart tilsett som kommuneoverlege og starta i stillinga 1.oktober 2018.

Stillinga som assisterande rådmann vart ikkje lyst ut på nytt. Dette er grunngjeve med den nært føreståande samanslåingsprosessen til Fjord kommune.

Kommunereform – samanslåing av Norddal og Stordal kommune

I 2018 har arbeidet med samanslåing av Norddal og Stordal kommune tatt nye steg. I første halvår var arbeidet likevel prega av usikkerheita som knytte seg til spørsmål om grensejustering for bygdene Eidsdal, Norddal og Liabygda.

23.mars 2018 sende fylkesmannen si tilråding til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), der dei tilrådde at bygdene Eidsdal og Norddal skulle vere grensejustert og lagt til Stranda kommune. Vidare tilrådde dei at Liabygda ikkje skulle grensejusterast over til nye Fjord kommune.

KMD gjorde sitt vedtak 2.juli 2018. I vedtaket vart det fastslått at dagens grenser skal vere uendra.

Fellesnemnda for Fjord kommune tilsette Karl Andre Birkhol som administrasjonssjef i Fjord kommune frå 01.04.18


Administrativt arbeid med kommunesamanslåing

Det er etablert arbeidsgrupper med representantar frå begge kommunar, der tillitsvalde også er representert. Arbeidsgruppene arbeidde med kartlegging av organisasjonane i dei to kommunane tidleg i 2018. Etter det stoppa arbeidsgruppene sitt arbeid noko opp, i påvente av at KMD skulle ta avgjerd på spørsmålet om grensejustering.

Hausten 2018 kom arbeidet i gang igjen. Arbeidet med å førebu ein samanslått organisasjon frå 01.01.2020 har fått større og større fokus, og krev deltaking frå stadig større delar av organisasjonen.

Stordal kommune – organisering

Politisk organisering



Stordal kommunestyre 2015 - 2019

Arbeiderpartiet (6 medl.)

Eva Hove (ordfører)
Palma Flåen Øvrebust
John Helge Larsen
Martin Vos
Amalie J.Dyrkorn
(permisjon frå 01.09.17)
Marthe Holmelid
(fråtrådt 20.09.17)
Magdalena Isvik
(inn for AJD)
Nina Iren Hauglid
(inn som fast medlem frå 20.09.17)

Høyre (5 medl.)

Jan Are Remme
Frode Færøy
Bjørn Ove Olsen
Claus Hoff
Kine Kvammen Tøsse
(fritak ut perioden 2015-2019)
Vigdis Hove Øie
(inn for KKT)

Senterpartiet (2 medl.)

Kjersti Ruset Hjelle (varaordfører)
Lars Kristian Øvrebust

Framstegspartiet (1 medl.)


Jonas Falch

Kristeleg Folkeparti (1 medl.)

Roger Lillebø

Administrativ organisering

Den administrative organisasjonen har fungert slik i 2018:



Organisasjon og medarbeidarar

Årsverk pr. sektor												
Sektor	2018			2017			2016			2015		
	Årsverk	Kvinner	Menn	Årsverk	Kvinner	Menn	Årsverk	Kvinner	Menn	Årsverk	Kvinner	Menn
Sentraladministrasjon	9,8	64 %	36 %	9,8	65 %	35 %	10,1	64 %	36 %	10,1	64 %	36 %
Oppvekst	36,5	89 %	12 %	40,5	85 %	15 %	37,3	84 %	16 %	36,9	79 %	21 %
Kultur	3,1	61 %	39 %	3,4	71 %	29 %	3,4	71 %	29 %	3,4	71 %	29 %
Helse	6,1	84 %	16 %	5,9	100 %	0 %	6,2	100 %	0 %	6,9	100 %	0 %
Pleie og omsorg	38,9	91 %	9 %	38,3	93 %	7 %	43,0	92 %	8 %	46,4	93 %	7 %
Tekniske tenester	8,1	0,05 %	8 %	7,7	1 %	99 %	8,2	1 %	99 %	8,7	1 %	99 %
Sum	102,5	83 %	17 %	105,6	83 %	17 %	108,2	81 %	19 %	112,4	78 %	22 %

Arbeid med helse, miljø og sikkerheit og nærvær har hatt hovudfokus på personalområdet. Stordal kommune ønskjer å skape ein arbeidsplass, som er god, sunn og trygg for alle, i ein organisasjon der arbeidsmiljøet er prega av arbeidsglede og trivsel.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Stordal kommune har som mål at medarbeidarane opplever arbeidet som helsefremmande og meningsfylt. Å byggje ein organisasjon, med eit solid fundament under eit godt arbeidsmiljø, er fellesarbeid, der ein er avhengig av at alle skal gjere sitt beste.

Hovudfokus innan HMS-arbeid i 2018 har vore opplæring i høve helse, miljø og sikkerheit. Nye verneombod deltok 40-timars kurs innan HMS. Leiarane i kommunen deltok på eit internt HMS-kurs for leiarar i regi av Medi3. Dessutan har Medi3 gjennomført kurs i kartlegging og risikovurderingar for einingsleiarane og HMS-ansvarleg, med ekstra fokus på førebygging og handtering av vald og truslar. Våren 2018 fullførte kommunen eit leiarutviklingsprogram, der tema har vore sjukefråversoppfølging og arbeidsrett. I tillegg til alle leiarar med personalansvar, har tillitsvalde og vernetenesta delteke på det same kurset.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) arbeider for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø. Arbeidsgjevar og arbeidstakar er representert i utvalet. I 2018 var det arbeidsgjivarsida som hadde leiarfunksjonen i AMU, og ordførar var leiar for AMU dette året.

AMU hadde 4 møter i 2018. Bedriftshelsteneste Medi3 møter som rådgjevande organ i AMU.

I samråd med AMU har kvalitetsarbeidet på arbeidsplassen fått ekstra fokus. Alle tilsette er oppmoda til å bruke avvikssystemet. Å seie ifrå når ting skjer, bidreg til å skape ein sunn og trygg arbeidsplass. I tillegg gjev avviksmeldingar verdifull informasjon som ein kan bruke til å bli endå betre enn før, og sikre gode tenester for våre brukarar og innbyggjarar.

Med verknad frå 01.01.2019, overtok Medi3 bedriftshelsetenesta i kommunen. Samarbeidet fungerer på ein meget god måte, og i fellesskap er det utarbeidd ein overordna samarbeidsplan for Stordal kommune for perioden 2018-2020. Saman med einingsleiarane har Medi3 sett saman samarbeidsplanar for dei ulike eininga for same perioden. Dette gjev både arbeidsgjevar og bedriftshelseteneste moglegheit til å spisse bistanden inn mot dei utfordringane den enkelte eining måtte ha. Arbeidsmetoden er godt motteke, og

einingane vert meir bevist på HMS-arbeidet. Det tette samarbeidet til bedriftshelsteneste gjer det mogleg for dei tilsette å kome med innspel og bidra sjølve.



Verneombod

Verneombod er viktige medspelarar i arbeidet for at arbeidsmiljøet i organisasjonen stadig skal bli betre. Det vart gjennomført val av verneombod i 2018. Alle dåverande verneombod tok attval, medan det vart vald nytt verneombod for Andershaugen barnehagen.


Det er faste møteforum for både verneombod og tillitsvalde, og dette bidreg positivt i arbeidet for eit godt arbeidsmiljø.

Nærvær

Som ein del av eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-arbeid) ønskjer Stordal kommune å auke nærværet og redusere sjukefråveret. Samstundes vert det arbeid førebyggjande med å redusere langtidssjukefråver og hindre utstøyting og fråfall i arbeidslivet.

Det totale sjukefråveret for 2018 er om lag som i 2017 (8,4% mot 8,2% i 2017). Mange av einingane har hatt ei fin utvikling med reduksjon i fråveret, medan enkelte har opplevd ei auke.

Fråver frå arbeidsplassen er eit komplekst felt som vert bestemt av mange ulike faktorar som påverkar kvarandre. Sjukefråveret i enkelte einingar er fortsatt for høgt og arbeidet med å auke nærværet vert viktig framover.



Personar med redusert arbeidsgrad

Ved hjelp av NAV Arbeidslivsenter ønskjer kommunen å legge til rette slik at tilsette med redusert funksjonsgrad kan kome raskare attende i jobb. Vidare har kommunen i samarbeid med NAV hatt personar til utprøving av arbeids- og funksjonsgrad.

Pensjon

I 2018 har 1 tilsett gått av med pensjon (alder/AFP).

Likestilling

Stordal kommune sin lønspolitikk har som mål å stimulere til initiativ, auka ansvar, god bruk av ressursar og lik løn uavhengig av kjønn.

Vi legg vekt på:

- Rekruttere leiarar og personale med ønska kompetanse
- Gje løn for tilleggskompetanse som kommunen har bruk for
- Gje løn for utvida ansvar
- Verdsetjing av innsats/måloppnåing
- Fokus på skilnader
- Lik løn for likt arbeid

Kommunen ønskjer å sikre like moglegheiter til sjølvutvikling, karriere og familieliv. Løn for likt arbeid skal være lik.

Innan dei typiske kvinneyrka slit vi med å rekruttere menn. Dette gjeld særleg innan pleie og omsorg og i barnehagen.

Kommunen har gode rutiner for å fremme likestilling og for å hindre at det vert gjort skilnader som strid med likestillings- og diskrimineringslova. Kommunen er også kjend med måla i lova når det gjeld etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Etikk

Stordal kommune har eigne «Ethiske retningsliner for folkevalde og tilsette». Alle nytilsette og nyvalde politikarar vert gjort kjent med reglementet, og kommunen har ein god etisk standard i verksemda.

Opplysningar om økonomisk stilling og resultat av verksemda

Nedanfor er det presentert nokre hovudtal frå Stordal kommune sin rekneskap for 2018

NØKKELTAL DRIFT (tal i heile 1000)	2018	% av BDI	2017	% av BDI	2016	% av BDI
Sum driftsinntekter	117.372		112.889		116.321	
Sum driftsutgifter	118.696		117.103		120.707	
Brutto driftsresultat	-1.324	-1,1%	-4.214	-3,7%	-4.386	-3,8%
Resultat finansposter	-7.195		-4.765		-5.533	
Motpost avskrivningar	6.789		6.755		6.481	
Netto driftsresultat	-1.730	-1,5%	-2.224	-2,0%	-3.438	-3,0%
Avsetnader/bruk av fond	2.850		4.592		3.438	
Meir-/mindreforbruk	1.120		2.369		0	

Negativt brutto driftsresultat inneber at utgiftene i drifta er høgare enn driftsinntektene. For ikkje å få underskot i driftsrekneskapen må ein då nytte oppsparte midlar frå tidlegare overskot.

Netto driftsresultat vert sett på som hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen i kommunane, og syner over-/underskotet i kommunen si drift. Netto driftsresultat syner på den måten kor stor del av inntekta som er igjen til disposisjon, eller som må bli dekkja av oppsparte midlar.

Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at netto driftsresultat for kommunane bør utgjere minimum 1,75%. Kommunen sitt driftsresultat for 2018 er på -1,5%, og ein ser det som vanskeleg å betre driftsresultatet med dagens driftsnivå.

Kommunen hadde eit negativ driftsresultat i 2018 på kr. -1.729.779.

I 2018 korrigererte kommunen for periodiseringsfeil på lønnsområdet, og rekneskapen for 2018 inneheld difor 13 månadar med variabel lønn. Dette utgjer om lag 780.000 i ekstraordinære utgifter.

Kommunen bokførte også premieavvik mot driftsrekneskapen, dette utgjorde 853.338 i utgiftsreduksjon på lønnsområdet.

NØKKELTAL INVESTERING (tal i heile 1000)	2018	2017	2016
Finansieringsbehov	16.992	18.220	15.189
Bruk av lån	12.284	9.153	4.022
Bruk av ubundne investeringsfond	3.253	8.140	3.894
Bruk av disposisjonsfond			440
Bruk av tidl.års udisponert			5.621
Mottatte avdrag på utlån	1.443	910	1.111
Sal av aksjer og andeler	12	-	
Sum finansiering	16.992	18.220	15.189

Årets investeringer er finansiert ved bruk av fond eller låneopptak, jamfør vedtak om finansiering på kvart einskild investeringsprosjekt.



Rekneskapsskjema – drift 2018

	Regnskap 2018	Reg. budsjett 2018	Oppr.budsjett 2018	Regnskap i fjor 2017
Regnskapsskjema 1A - drift				
Skatt på inntekt og formue	22.561.912,74	21.068.000,00	21.068.000,00	21.128.897,29
Ordinært rammetilskudd	54.624.154,00	56.632.000,00	56.632.000,00	56.722.287,97
Skatt på eiendom	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre direkte eller indirekte skatter	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre generelle statstilskudd	3.728.893,81	622.000,00	662.000,00	596.032,00
Sum frie disponible inntekter	80.914.960,55	78.322.000,00	78.362.000,00	78.447.217,26
Renteinntekter og utbytte	1.113.803,55	968.576,00	968.576,00	1.314.047,75
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	300.000,00	700.000,00	1.533.164,00
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	2.725.875,43	2.400.700,00	2.398.700,00	2.590.625,54
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	52.420,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	5.530.386,00	5.819.000,00	5.819.000,00	5.021.190,00
Netto finansinnt./utg.	-7.194.877,88	-6.951.124,00	-6.549.124,00	-4.764.603,79
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Til ubundne avsetninger	3.802.099,36	2.718.902,16	350.000,00	2.336.515,25
Til bundne avsetninger	1.754.061,11	329.370,00	329.370,00	1.420.913,16
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	2.368.901,36	2.368.902,16	0,00	0,00
Bruk av ubundne avsetninger	4.247.614,00	4.249.000,00	1.350.000,00	5.436.269,45
Bruk av bundne avsetninger	1.789.482,36	740.731,00	740.731,00	2.913.634,03
Netto avsetninger	2.849.837,25	4.310.361,00	1.411.361,00	4.592.475,07
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Til fordeling drift	76.569.919,92	75.681.237,00	73.224.237,00	78.275.088,54
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	0,00	0,00	0,00	0,00
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	76.569.919,92	75.681.237,00	73.224.237,00	78.275.088,54
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Til fordeling drift	76.569.919,92	75.681.237,00	73.224.237,00	78.275.088,54
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	75.449.861,39	75.681.237,00	73.224.237,00	75.906.186,32
Regnskapsmessig mindreforbruk	1.120.058,53	0,00	0,00	2.368.902,16
Rekneskapsskjema 1B - drift				
Ro.1 – Sentraladministrasjon / Felles tenester	12.219.581,00	12.421.887,00	13.594.887,00	12.150.487,97
Ro.2 – Oppvekst og kultur	25.069.572,00	25.001.120,00	24.591.120,00	24.652.547,42
Ro.3 – Helse, pleie og omsorg	30.729.353,00	32.273.685,00	29.404.685,00	32.413.361,40
Ro.6 – Tekniske tenester	5.613.996,00	5.093.000,00	4.950.000,00	3.375.015,55
Ro. 9 - Finans	1.817.359,39	891.545,00	683.545,00	3.314.774,04
Sum	75.449.861,39	75.681.237,00	73.224.237,00	75.906.186,38

	Regnskap 2018	Reg. budsjett 2018	Oppr.budsjett 2018	Regnskap i fjor 2017
Regnskapsskjema 2A - investering				
Investeringer i anleggsmidler	18.850.863,88	81.177.684,00	80.477.684,00	15.560.851,03
Utlån og forskutteringer	850.000,00	0,00	0,00	2.110.000,00
Kjøp av aksjer og andeler	406.100,00	0,00	0,00	349.137,00
Avdrag på lån	421.571,00	150.000,00	150.000,00	305.174,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	100.000,00
Avsetninger	1.021.535,00	0,00	0,00	604.703,01
Årets finansieringsbehov	21.550.069,88	81.327.684,00	80.627.684,00	19.029.865,04
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	12.283.740,56	60.002.426,00	60.002.426,00	9.152.663,45
Inntekter fra salg av anleggsmidler	11.562,50	600.000,00	600.000,00	0,00
Tilskudd til investeringer	943.000,00	0,00	0,00	0,00
Kompensasjon for merverdiavgift	3.040.850,80	500.000,00	500.000,00	709.205,31
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	2.017.106,02	100.000,00	100.000,00	1.009.877,01
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	897,00
Sum ekstern finansiering	18.296.259,88	61.202.426,00	61.202.426,00	10.872.642,77
Overført fra driftsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidligere års utdisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	3.253.810,00	20.125.258,00	19.425.258,00	8.157.222,27
Sum finansiering	21.550.069,88	81.327.684,00	80.627.684,00	19.029.865,04
Udekket/udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00

Rekneskapsskjema 2B - investering

Spesifikasjon pr. investeringsprosjekt	Regnskap 2018	Buds(end) 2018	Budsjett 2018	Regnskap 2017
1201 Felles IT/dataområde	0	0	0	222.624
1902 Digitalisering av arkiv	15.168	650.000	650.000	0
1903 Oppgradering/digitalisering IKT	180.495	700.000	0	0
2907 Ny barnehage (avslutta)	0	0	0	817.113
2918 Bygging barnehage Griggås	8.677.468	25.400.000	25.400.000	0
2919 Rehabilitering garderobe, symjehall	171.775	4.100.000	4.100.000	0
3700 Institusjonstenesta	0	0	0	-16.933
3906 Dagsenter	3.729	188.340	188.340	142.892
3907 Visma ressursstyring	0	0	0	192.552
6955 Vatn/avløp Øvre Stordal	2.963.807	8.189.870	8.189.870	837.535
6958 Vegar og bruar (investering)	71.327	2.500.000	2.500.000	0
6962 Kloakkrenseanlegg Stordal sentrum	400.928	6.379.742	6.379.742	0
6976 Vatn/avløp Nedre Stordal	2.709	6.789.277	6.789.277	56.713
6979 Turløype Almås - Overøye	0	0	0	93.405
6981 Ventilasjon kommunehuset	1.475	125.652	125.652	140.230
6984 Grigåsørbbane - grunnkjøp	56.877	131.524	131.524	10.360.926
6985 Grigåsørbbane - teknisk anlegg	5.548.211	6.023.279	6.023.279	2.446.860
6986 Naudstraumsaggregat skule/idrettshall	0	500.000	500.000	0
6987 Avfallsbygg ved Stordal skule og Stordalstun	44.313	300.000	300.000	0
6990 Veg Øvre Dyrkorn	33.269	3.000.000	3.000.000	0
6991 Stordal kyrkje - lagerbygg	0	0	0	250.000
6992 Tak Stordalshallen	644.313	700.000	700.000	0
6993 Brannstasjon	0	15.000.000	15.000.000	0
6994 Gang-/sykkelveg Øvrebust-Moe	0	500.000	500.000	0
6995 Opparbeiding sentrumsareal (300000)	35.000	0	0	0
TOTALT	18.850.864	81.177.684	80.477.684	15.543.917

	Regnskap 2018	Regnskap 2017
EIENDELER		
Anleggsmidler	385.629.052,05	363.727.040,07
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	217.171.656,97	204.519.317,97
Utstyr, maskiner og transportmidler	3.532.836,00	4.123.784,00
Utlån	4.316.983,08	4.910.089,10
Konserninterne langsiktige fordringer	0,00	0,00
Aksjer og andeler	14.479.034,00	14.092.434,00
Pensjonsmidler	146.128.542,00	136.081.415,00
Omløpsmidler	64.296.797,84	70.623.443,37
Herav:		
Kortsiktige fordringer	4.778.499,38	4.159.509,24
Konserninterne kortsiktige fordringer	9.564.094,00	10.326.189,88
Premieavvik	7.010.379,00	6.076.145,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	18.530.356,00	18.582.776,00
Derivater	0,00	0,00
Kasse, postgiro, bankinnskudd	24.413.469,46	31.478.823,25
SUM EIENDELER	449.925.849,89	434.350.483,44
EGENKAPITAL OG GJELD		
Egenkapital	119.791.942,79	109.022.430,09
Herav:		
Disposisjonsfond	6.655.988,75	7.087.586,41
Bundne driftsfond	5.564.573,42	5.694.815,82
Ubundne investeringsfond	22.754.072,94	25.157.882,94
Bundne investeringsfond	1.673.355,90	1.420.915,73
Regnskapsmessig mindreforbruk	1.120.058,53	2.368.901,36
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskap	0,00	0,00
Kapitalkonto	78.408.011,25	63.676.445,83
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	3.615.882,00	3.615.882,00
Langsiktig gjeld	311.959.921,00	310.073.215,00
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	166.757.829,00	165.919.166,00
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	145.202.092,00	144.154.049,00
Konsernintern langsiktig gjeld	0,00	0,00
Kortsiktig gjeld	18.173.985,30	15.254.838,35
Herav:		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	12.702.858,08	11.104.287,74
Derivater	5.471.127,22	4.150.550,61
Konsernintern kortsiktig gjeld	0,00	0,00
Premieavvik	0,00	0,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	449.925.849,09	434.350.483,44
MEMORIAKONTI		
Memoriakonto	4.148.822,14	9.594.195,70
Herav:		
Ubrukte lånemidler	3.383.900,14	8.667.640,70
Ubrukte konserninterne lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	764.922,00	926.555,00
Motkonto for memoriakontiene	-4.148.822,14	-9.594.194,90

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen / Felles tenester

Omhandlar følgjande tenestoområde:

- Politisk styring og kontrollorgan
- Rådmann, økonomi, personal og lønn, IKT, servicekontor
- Kommunale bygg
- Forsikringar
- Vekstkommuneprosjekt
- Interkommunal samarbeid/tilskot til andre

År	Rekneskap og budsjett			Bemanning			
	Netto driftsutgifter	Budsjett	Forbruk %	Årsverk	Andel % kvinner	Andel % menn	Sjuka fråvær
2018	12 127 189	12 421 887	98 %	9,8	64 %	26 %	1 %
2017	11 535 490	11 848 750	97 %	9,8	65 %	35 %	1,8 %
2016	12 348 169	11 724 200	105 %	10,1	64 %	36 %	1,7 %
2015	13 187 597	12 136 000	109 %	10,1	64 %	36 %	1,3 %

Driftsrekneskapen for 2018 syner eit mindreforbruk på kr. 294.698. Det har vore mindre overskriddingar innan den politiske organisasjonen, IT/data og drift av kommunale eigedomar. Mindreforbruk på andre einingar (økonomiavdelinga, servicekontor etc) gjer at rammeområdet totalt sett har eit lite mindreforbruk.

Vi hadde store utgifter med oppgradering av det elektriske systemet på fleire kommunale eigedomar, som følgje av pålegg. Det er også krevjande for ei lita kommune å halde følgje med den digitale utviklinga, særleg med tanke på utgifter knytt til digital infrastruktur, programvare og lisensar.

Statistikk og tal på saker og møte	2018		2017	
	Møter	Saker	Møter	Saker
Formannskapet	10	72	13	63
Kommunestyret	9	68	10	113
Kontrollutvalet	4	20	2	7
Arbeidsmiljøutvalet	5	26	3	20
Eldrerådet	4	9	4	8
RFUN	3	7	3	6
Stordal Ungdomsråd	4	10	3	11
Valnemnd	1	1	0	0
Partssamansett utval	1	5	1	1
Andre utval	7	22	28	133
Sum møter/saker	48	240	67	362

Politisk styring - statistikk og tal på dokument					
Statistikk og tal på dokument 3	2018	2017	2016	2015	2014
Inngående dokument	2870	3083	3123	3761	3772
Utgående dokument	1265	1336	1439	1816	1981
Interne notat	1094	1180	665	1026	950
Sum	5229	5599	5227	6603	6703

Vekst i Stordal



Stordal kommune har etablert eit eige prosjekt for omstilling i næringslivet, Vekst i Stordal (ViS). Målet er å medverke til 75 nye arbeidsplassar i prosjektperioden. Prosjektet er i utgangspunktet fireårig med start i 2014, og er finansiert med midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune, RDA-midlar og Stordal kommune

Vekst i Stordal sine overordna strategiar er:

- Tiltaka til ViS vil i hovudsak byggje på kvalitetane Stordal og næringslivet har frå før
- Prioritere tiltak som koplar fleire verksemdar saman og som kan gi direkte og indirekte sysselsettingseffekt hos fleire verksemdar på ein gong
- Vektlegge konkrete resultat. ViS skal ha fokus på arbeidsplassar og næringsutvikling - ikkje stadutvikling med diffus næringsgevinst

Følgjande finansiering er lagt til grunn for Vekst i Stordal. Med unntak av ca. 1 mill.pr.år til administrasjon av prosjektet, har resterande midlar vore nytta til å støtte opp om veksttiltak i verksemdene.

	M/R Fylkeskomm.	Stordal Kommune	RDA midlar	Næringsfon	Sum
2014	1 000 000	500 000	500 000	1 000 000	3 000 000
2015	1 000 000	500 000	500 000	1 100 000	3 100 000
2016	2 500 000	1 000 000	500 000	1 000 000	5 000 000
2017	2 500 000	1 000 000	500 000	900 000	4 900 000
2018	2 000 000	1 000 000	424 828	750 000	4 174 828

Hausten 2017 gjorde Regional og næringsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune vedtak om å tildele Stordal kommune eit tilskot frå dei regionale utviklingsmidlane til forlenging av prosjektet Vekst i Stordal ut 2018. Stordal kommunestyre vedtok deretter at prosjektet skulle vidareførast til og med 2018.

I slutten av 2018 søkte kommunen om å få overført restmidlar i prosjektet til 2019. Fylkeskommunen har forståing for at omstillingsprosessar tek tid, og at det ofte er gunstig å ta seg tid til å fullføre dei pågåande utviklingsprosjekta. Vekst i Stordal kan nytte dei midlane som står att i prosjektet, til planlagde tiltak i 2019.

Frå 01.01.2019 er organisering av prosjektet endra, og det er gjort avtale med prosjektleiar Harald Espeland på 40% stilling første halvår 2019, og minst 20% stilling ut 2019. Det er også ei mindre styringsgruppe knytt til prosjektet no, styreleiar Olav Bratland, ordførar Eva Hove og rådmann Anne Berit Løset.

I prosjektperioden har Stordal kommune lagt handsaming av alle næringsutviklingmidlar, inkludert kommunalt næringsfond, til styringsgruppa i prosjektet for å sikre ei heilskapleg næringsssatsing og forvaltning. Tildeling av midlar frå kommunalt næringsfond er no lagt tilbake til formannskapet.

Rammeområde 2 Oppvekst og kultur

Omhandlar følgjande tenesteområde:

- Fellesansvar oppvekst og kulturadministrasjon
- Barnehage
- Grunnskule, skulefritidsordning,
- Musikk- og kulturskule
- Vaksenopplæring
- Frivilligsentral, kulturkafe
- Bibliotek
- Stordalshallen
- Ungdomsklubb, ungdomsråd

Status for rammeområde 2 – oppvekst og kultur

År	Rekneskap og budsjett			Bemanning			
	Netto driftsutgifter	Budsjett	Forbruk %	Årsverk	Andel % kvinner	Andel % menn	Sjuka fråvær
2018	25 076 134	25 001 120	100 %	39,6	86 %	14 %	13,5 %
2017	24 652 547	23 695 000	104 %	40,5	84 %	16 %	13,6 %
2016	23 774 652	24 222 500	98 %	40,7	83 %	17 %	8,7 %
2015	25 417 740	25 044 000	101 %	40,3	78 %	22 %	9,0 %

Samanlikna med revidert budsjett, syner driftsrekneskapa for 2018 eit lite meirforbruk innan rammeområdet på kr. 75.014.

Oppvekst

År	Rekneskap og budsjett			Bemanning			
	Netto driftsutgifter	Budsjett	Forbruk %	Årsverk	Andel % kvinner	Andel % menn	Sjuka fråvær
2018	23 364 953	23 286 548	100 %	36,5	89 %	12 %	10,1 %
2017	23 368 515	21 952 000	106 %	37,1	85 %	15 %	10,2 %
2016	23 021 800	23 452 500	98 %	37,3	84 %	16 %	6,0 %
2015	24 154 007	23 666 000	102 %	36,9	79 %	21 %	6,9 %

Barnehagen har hatt sterkt synkende barnetal dei seinare åra, og personalressursane er justert i løpet av 2018. Eininga har eit meirforbruk på kr. 257.777 som skuldast at nedbemanningsprosessen tok lengre tid enn det som var berekna når budsjettet vart vedteke. Dei andre einingane sitt mindreforbruk, gjer at sektoren totalt sett held seg om lag innanfor budsjett (meirforbruk 78.405).



Andershaugen barnehage

Ved utgangen av 2018 hadde Andershaugen barnehage hadde 11 tilsette, inkludert reinhaldar. Dette utgjør 9 årsverk, der 0,5 gjeld reinhald og 0,9 årsverk er administrativ ressurs. Alle dei fire pedagogiske leiarane samt styrar har godkjend utdanning.

Våren 2018 var barnehagen gjennom ein nedbemanningsprosess. Det har vore eit synkende barnetal i barnehagen dei siste åra, og prosessen var naudsynt for å tilpasse personalressursane med antal barn. Dette er ein krevjande prosess, og mange følte seg usikre og ukomfortable – noko som igjen førte til ekstra fråver i ein periode.

Ein fagarbeidar og to assistentar fekk oppseiing, medan fire fagarbeidarar fekk tilbod om jobb på skule/SFO. Totalt sett reduserte eininga med 4,8 årsverk, og i all hovudsak vart dette gjort sommaren 2018.

Første halvår 2018 var det totalt 36 barn i barnehagen herav tre barn hadde styrka bemanning med assistent 1:1. I tillegg jobba ein av pedagogane 60 % som spesialpedagog grunna stort behov.



Vi starta hausten med 25 barn fordelt på to avdelingar, herav er 9 barn under tre år. Vi har fortsatt behov for styrka bemanning med ein assistent 1:1, og det vert også gitt spesialpedagogisk hjelp i ulik grad, tilsvarende om lag 0,5 stilling. Alderssamansetjinga pr. desember 2018 er slik:

Født år:	Antal barn:
2013	8
2014	6
2015	2
2016	6
2017	3
2018	5

Fagpersonale i barnehagen har fått god kompetanse på språk og språkutvikling, og 11 av 25 barn er tospråklege. Vi jobbar mykje med både alternativ supplerande kommunikasjon og rein språktrening.

«Språkløypa» er kompetanseutviklingspakkar som er meint nytta i profesjonelle læringsfelleskap i barnehagar og skular over tid, og barnehagen har starta arbeidet og implementering/opplæring etter dette programmet.

Stordal skule



Juleavslutninga 2018 (foto:Hallgeir Hove)

Dei siste åra har elevtalet ved skulen gått betrakteleg nedover, og det vil det forsette å gjere framover. Vi har 131 elevar ved skulen, og dette gir eit gjennomsnittet pr. klasse på 13,1 elevar. Klassestorleiken varierer frå 5 til 19 elevar. På grunn av desse variasjonane har det blitt samanslåing av klasser med få elevar i nokre fag på barnesteget, men undervisninga i norsk, matematikk og engelsk er skjerma. Ved organisering av klassesamanslåing blir det teke omsyn til både det pedagogiske og klassestorleik.

Skuleår	Elevtal		Barn i SFO	Elevar		Årsverk			Lærartimar undervisn.
	1.-7.kl.	8-10.kl		m/skyss	m/norsk 2	adm.	lærarar	assistent	
2018-2019	84	47	25	28	6	1,7	17,82	1,89	10678
2017-2018	85	49	16	28	10	1,55	15,4	1,1	9356
2016-2017	92	53	21	28	6	1,6	17,8	0,96	9950
2015-2016	106	55	29	34	4	1,4	17,1	0,99	10269

Tal henta frå grunnskulens informasjonssystem. Årsverk lærarar omfattar både undervisning og andre oppgåver

Brukarane

Dette skuleåret har vi begynt arbeidet med å setje oss inn i ny læreplan, denne vert innført frå 2020. I haust har vi sett på overordna del av den nye læreplanen. Overordna del skal erstatte generell del av læreplanen. Overordna del av læreplanverket utdjupar verdigrunnlaget og dei overordna prinsippa for opplæringa – både pedagogisk praksis og samarbeidet mellom heim og skule.

Noko av det som er nytt i overordna del er prioritering av tverrfaglege tema. Desse skal ikkje vere eigne fag, men samfunnsaktuelle tema som skal prioriterast i alle fag der det er relevant. Dei tverrfaglege tema er:

- demokrati og medborgarskap
- bærekraftig utvikling
- folkehelse og livsmestring

I vår vil også arbeidet med fagfornyninga bli sett i gong, både gjennom Sunnmøre regionråd oppvekst og ved skulen. Den nye læreplanen vil få ny struktur:

1. Om faget

- Faget sin relevans for eleven, samfunnet og arbeidslivet
- Kjerneelement i faget
- Fagspesifikk tekst om verdiar og prinsipp i overordna del
- Tverrfaglige tema i faget
- Grunnleggjande ferdigheiter i faget

2. Kompetansemål

3. Vurdering

- Fagspesifikk omtale av vurdering
- Avgjerder om sluttvurdering

Læreplanen skal framleis ha kompetansemål, og de grunnleggjande ferdigheitene skal vidareførast, men kven som har ansvaret for dei skal vere tydelegare.

Vi har vidareført satsingsområdet psykososialt skulemiljø. Der er dessverre slik at fleire og fleire i ung alder har vanskar med å kome seg gjennom skulegang på grunn av at dei ikkje meistarar psykiske og sosiale utfordringar. Stordal ønskjer å jobbe førebyggjande med dette, slik at flest mogeleg er godt rusta til å meistre liva sine. Ein viktig del av dette er å kunne snakke og vite om korleis kjenslene våre verkar, korleis tenking utviklar seg og kva det er som styrer åtferda vår.

For at vi skal lukkast med dette må alle barn ha kjensel av identitet og sjølvrespekt, at ein er verdt noko. Elevane må få kjensle av å meistre, ein dug til noko og det er noko ein får til. At ein høyrer til ein stad og ein må ha kjensle av å vere trygg, at ein kan tenkje, føle og utfalde seg utan å vere redd. Alle elevar treng kjensla av fellesskap, ein har nokon å dele tankar og kjensler med, det er nokon som kjenner ein, som bryr seg om og passar på ein når det trengst. Det er dette som kjenneteiknar helsefremmande skular, og Stordal skule ønskjer å vere ein av desse.

For å nå desse måla arbeider vi mellom anna vidare med psykologisk førstehjelp. Psykologisk førstehjelp er eit sjølvhjelpsverktøy for å meistre eigne kjensler. Barn treng rettleiing for å forstå kva kjensler dei skal lytte til, og kva som er overdrivne kjensler. Sjølv små barn kan lett forstå skilnaden mellom positive/gode tankar og negative tankar, men trengjer hjelp til å snu ein negativ spiral med mange negative tankar.

Dette verktøyet vert nytta periodevis heile skuleåret. Ungdomssteget har også avsett ei veke med til arbeidet rundt psykisk helse, der ulike måtar å snakka om kjensler på har vore hovudfokus. Skulen har også hatt auka fokus på å påskjone positiv åtferd.



Fjord kommune skal vere ein MOT- kommune. Visjonen bak MOT er eit varmare og tryggare samfunn, der oppdraget er å utvikle Robust ungdom som inkluderer alle, gjennom å styrke medvit og mot. MOT er ein ungdoms- og samfunnsbygger som styrker ungdomen si bevisstheit og MOT- til å leve, til å bry seg og til å seie nei. Prinsippa bak MOT- konseptet er å jobbe i forkant, gjere kulturbyggerar ansvarlege, forsterke det positive og sjå heile mennesket. Viktige verkemiddel er MOT sin filosofi, program, tiltak, logo og partnerskap. MOT skal vere «fremragende» til å nå ut til ungdom på ein ungdommeleg, mulighetsfokuser og oppriktig måte.

I midten av januar var rektorane ved dei tre skulane i Fjord kommune, koordinator og to coachar på opplæring/ kurs ved MOT sitt senter på Gråkallen i Trondheim. Arbeidet i klassene er no starta, og det er 8. klasse som er med i programmet i vår. MOT blir starta opp for fullt frå hausten av.

Skulen vidarefører Leikepatrulje for elevar i 1.-7. klasse. Leikepatruljen har som mål å få barn til å bevege seg meir i løpet av skuledagen gjennom lek i friminutta, men vi ser også ein stor gevinst i dette som eit førebyggjande tiltak med tanke på det psykososiale miljøet ved skulen. Kvart skuleår vert eldre elevar utdanna til leikepatruljeleiarar på ein kursdag. Tilbake på skulen skal leikepatruljeleiarane fungere som forbilde for dei yngre elevane og inspirere elevar til å setje i gong leikeaktivitetar. Leikepatruljen er dermed også med på å skape sosiale relasjonar på tvers av alder, kjønn og sosiale forhold.

Medarbeidarar

Sjukefråveret har vore forholdsvis stort også dette skuleåret pga. langtidssjukmeldingar. På grunn av noko større lærartettleik og vikar tilsett i 80% som har kunna arbeidd inntil 100%, har gjort at vi kome oss gjennom dette på ein god måte. Vi har også hatt tilgang på flink vikar utanfrå. Denne har vore nytta både som assistentar i skulen, men også som lærararvikar. Litt ekstra på dei tilsette og noko omorganisering har det blitt, men vi er heldige som har fleksible medarbeidarar på skulen.

Skulen har dette skuleåret to lærar i vidareutdanning, ein i norsk 5.- 10. kl. på vikarordning, og ein i matematikk 1.- 7.kl. på stipendordning. Vi ønskjer å fortsetje med å ha ein eller to lærarar pr. år på dette etterutdanningstilbodet gjennom Utdanningsdirektoratet. Sjølv om etterutdanninga er subsidiert kostar det likevel skulen ca. 120 000,- kr pr. student pr. år ved bruk av vikarordninga.

Året som gjekk, og utfordringane framover

Skulen har elevar med ulike ressurskrevjande diagnosar. Målet er å tilrettelegge slik at alle elevar skal oppleve mestring og utvikling slik at dei får best mogelege føresetnader til å kunne klare seg på eiga hand. Vi har dette skuleåret auka bemanninga av assistentar, og vi har også tilsett ein lærar med spesialpedagogisk utdanning. Det er stort behov for lærarar med spesialpedagogisk utdanning sidan behov for spesialundervisning er ei vedvarande utfordring, men desse er det dessverre vanskeleg å nå tak i. Vi skulle også ønskje at vi hadde større ressursar slik at vi kunne nytte tolærarar-system i klasserommet. Då kunne vi drive endå betre tilpassa opplæring. Vi trur også at det på sikt vil gi færre spesialundervisningsselevar, og at det vil minske åtferdsmessige utfordringar.

Det er svært gledeleg at FAU ved skulen har teke initiativ til å arbeide mot ei forbetring av uteområdet ved skulen. Som ein del av dette arbeidet har FAU mellom anna søkt om spelemidlar og på jubileumsgåva frå Sparebanken Møre. Det er derfor stor stas at det vart FAU ved Stordal skule som fekk jubileumsgåva på kr. 175.000,- frå Sparebanken Møre. Det er også søkt om kr. 300 000 i spelemidlar til nærmiljøanlegget. Søknaden er teknisk godkjend, men det er ikkje gitt tilsagn om løyving enno. Skulen er svært takknemleg for initiativet og arbeidet FAU gjer for å skaffe midlar til å betre utområdet til skulen. Det er eit stort ønske frå alle partar som har med skulekvardagen å gjere at uteområde blir meir spennande og aktiverande. Gevinsten vil vere stor i forhold til trivsel, fysisk utvikling, konflikhtar og negativ åtferd.



SFO- Skulefritidsordninga

Hausten 2018 starta det 25 barn, og pr. 01.03. 2019 er det fortsatt 25 born på SFO. Av 16 elevar som starta i 1. klasse august -18 er det berre to som ikkje har plass på SFO. Det er 10 barn som har full plass (kvar dag morgon, ettermiddag og skuleferiar). Opningstida er frå kl. 07.30 - 08.30 morgon, frå 12.45 – 16.30 ettermiddag og heil dag i skuleferiane. Nytt frå skuleåret 18/19 er at SFO har tilsyn med i alt 5 born frå småskulesteget som må vente på skuleskyss. Det gjeld måndagar til Dyrkorn, og dagleg for elevar som bur framover dalen.

Frå haust -18 er det undervisning kvar dag også for småskulesteget, dermed er det ikkje heildagstilbod onsdagar lenger. Ein ser likevel at det er litt færre born som har SFO-plass onsdagar enn dei andre dagane. Det er i alt tilsett 6 stk. på SFO, då det er fleire barn med ekstra hjelpebehov. Desse stillingane er kombinert med assistentstilling i skulen.

Vaksenopplæringa

Vi har to personar som deltek i norskopplæring, -rett og plikt. Kommunen kjøper undervisningsteneste av vaksenopplæringa i Ørskog kommune. Vi har også hatt noko vaksenopplæring for vaksen funksjonshemma elev som har tildelt spesialundervisning.

Stordal Kulturskule

Hausten 2018 har kulturskulen hatt 49 elevar. Det vil seie at elevtalet har halde seg stabilt på om lag same nivå som skuleåret før.

Kulturskulen har hatt tilbod om opplæring på messinginstrument, treblåseinstrument, slagverk, piano, fiolin, gitar, song og «Musikksprell».

Gruppetilbodet «Musikksprell» for 1. og 2. klassingar har vore populært, og denne gruppa har bestått av 11 elevar. Ein har også hatt ei aktiv songgruppe med 5 elevar. Ellers er det undervisningstilboda på korpsinstrument og piano som har hatt flest elevar.

Hausten 2018 var det ingen elevar på venteliste.

Seks lærarar har vore tilsett i ulike stillingstorleikar, frå om lag 4,5 % - 18 %, i tilsaman 0,7 årsverk. Frå 1. mai vart det tilsett felles rektor for Stordal og Norddal kulturskular, der Stordal sin del av stillinga utgjer 20 %. Totalt har kulturskulen då hatt om lag 0,9 årsverk, inkludert administrasjon. Vi er svært godt nøgde med å ha lærarar med høg fagleg og pedagogisk kompetanse for stort sett alle tilboda våre.

Ein har frå hausten 2018 teke i bruk SpeedAdmin som administrasjonsprogram for kulturskulen, gjennom delt brukarlisens med Norddal Kulturskule. Dette er eit nettbasert program som gir oss høve til å arbeide effektivt med dagleg drift av kulturskulen. Her foregår m.a. søknad om elevplass og opptak av elevar, oppsett og oppfølging av undervisning/timeplanar for einskildelevar og grupper, og ein har eit elevregister med all nødvendig kontaktinformasjon og kan via meldingsfunksjonar kommunisere effektivt med elevar/føresette.

Elevar og lærarar har gjennom året hatt fleire ulike konsertar og framføringar, ma. sommarkonsert, skulekonsertar på Stordal skule, minikonsertar på Stordalstunet, og dei har delteke på adventskonsertar i kyrkja og også gudstenester.



Fløytegruppe, adventskonsert i Stordal kyrkje, desember 2018
(foto: Hallgeir Hove)

Kultur

År	Rekneskap og budsjett			Bemanning			
	Netto driftsutgifter	Budsjett	Forbruk %	Årsverk	Andel % kvinner	Andel % menn	Sjuke fråvær
2018	1 711 181	1 714 572	100 %	3,1	61 %	39 %	3,4 %
2017	1 699 899	1 743 000	98 %	3,4	71 %	29 %	3,4 %
2016	752 852	770 000	98 %	3,4	71 %	29 %	2,7 %
2015	1 263 733	1 378 000	92 %	3,4	71 %	29 %	2,1 %

Årsverka er fordelt slik:

- Dagleg leiar Stordalshallen, 60% stilling
- Kulturkonsulent, 40% stilling
- Biblioteksjef, 40% stilling
- Dagleg leiar frivilligsentral, 100% stilling
- Reinhold, vaktmeisterteneste 70% stilling

Generelt

Stordal kommune har eit omfattande kultur- og fritidstilbod. Eit rikt og variert kulturliv er berebjelken i eit attraktivt lokalsamfunn, der alle kan føle seg heime, og det dannar fundamentet for ei positiv stadsutvikling. Innbyggjarar i alle aldrar har mykje å velje mellom i Stordal. Å oppleve noko sjølv eller gjere noko i lag med andre skapar glede, kreativitet og identitet. Deltaking i kulturlivet bidreg til å utvikle samhandling, bygging av nettverk, samhald og fellesskap. Alle formar for kultur har helsefremmande effekt.

Eit rikt og variert kulturliv er også viktig for yringsfridomen, og er derav eit grunnlag for eit levande lokaldemokrati.

Kultur kan spele ei viktig rolle i denne samskapinga. I Stordal kommune er svært mange innbyggjarar aktive på ulike frivillige arenaer. Å benytte og ta vare på engasjement frå lokale frivillige lag og organisasjonar, gir kommunen moglegheiter til å sjå nye og kreative løysingar på viktige samfunnsbehov, både i Stordal, og frå 2020 også i nye Fjord kommune.

Kulturteamet i Stordal kommune er lite. Mange, viktige arbeidsoppgåver er slik sett fordelt på få tilsette. Kulturteamet kan m.a. gjerne tenkje seg å sette i gong endå fleire prosjekt og arrangement, men det er ei stor utfordring i kvardagen å prioritere, koordinere og utnytte dei samla administrative ressursane på best mogleg måte.

Likevel er det all grunn til å hevde at ein kan sjå tilbake på eit nytt vellukka år innan kulturområdet. Stordal kommune har bidratt med sitt, men ein ønskjer også å vise til den uvurderlege innsatsen frå frivilligheita og all støtta frå det lokale næringslivet. Det vere seg alt det som gjekk av stabelen både inne og ute, anten det var på scena, på turstiar, i sentrum, eller rundt om i alle våre grender. Det er denne felles innsatsen som er nøkkelen til suksess også når det kjem til kulturåret 2018.

Kulturteamet brukar internett til å marknadsføre kulturtilboda via nettsidene til Stordal kommune, Stordalshallen, Stordal bibliotek og Stordal frivilligsentral. I tillegg vert facebook brukt til å formidle det som skjer (Barnas kommune, Stordalshallen, Stordal bibliotek og Stordal frivilligsentral).

Kulturkonsulent

Kommunen har nærare 60 lag og organisasjonar og aktivitetsnivået er stort. Alle lag og organisasjonar bidreg kvar på sine måtar med tilbod til glede for både ung og gamal. Oppfølging av frivilligheita er ei sentral oppgåve, der ikkje minst dette med å synleggjere mest mulig av alt det positive som skjer, har hatt høg prioritet. Viktig er det også å vere til hjelp i prosessar der planar om nye anlegg skal realiserast, anten det no gjeld utforming, finansiering (herunder også spelemiddelordninga) eller anna.

Kulturkonsulent arbeider også for å få til best mogleg samarbeid mellom lag, organisasjonar og andre frivillige. Dette m.a. for å forsøke å bidra til eit breiast mogleg tilbod. Ansvarsområde som er knytt til kulturkonsulenten hadde for 2018 ei ramme på kr 473.000,-. Den store einskildposten utover løn, er overføring til private. Dette utgjør kr 194.000 og kr 170.000 av dette gjeld kulturmidlar til lag og organisasjonar. Dei resterande kr 24.000 her, gjeld utgifter knytt til UKM og utdeling av kulturstipend.

Stordalshallen

Stordalshallen har om lag 1.3 millionar i driftsutgifter og klarer også dette året å gå om lag i balanse, takka vere inntekter frå sal av reklameplass, utleige av hallen og inntekter frå arrangement (kr.1.276'). Den største inntektsposten også dette året er det som gjeld avtalar inngått med samarbeidspartnarar innan næringslivet (kr. 503.000). Sidan 2009 har i røynda all ledig reklameplass i Stordalshallen vore fylt opp og tilbakemeldingane frå våre over 100 samarbeidspartnarar er særst positive.

Stordalshallen har fått på plass mykje nytt utstyr også i løpet av 2018. M.a. prosjektor, elektrisk lerret, samt idrettsutstyr. Også i 2018 vart det utført ein omfattande vedlikehaldsdugnad med stor oppslutning frå brukargruppene. Vi nemner også at eit nytt kurs i bruken av hjertestartar og generell livreddande førstehjelp med nærare 20 deltakarar vart gjennomført i samband med brukarmøtet dette året. Takk til Stordal Helselag for støtte til gjennomføringa.

Stordalshallen vert i høgste grad nytta og ein kan med rette hevde at den er blitt ein regional arena. På dagtid er det Stordal skule og Andershaugen barnehage som nyttar den, medan kvar kveld på vekedagane vert fylt opp med treningar og øvingar både i idrettshallen, i grendasalen og på skytebane. I helgane er det anten grupper frå Sunnmørsregionen som besøkjer oss, eller så er det andre arrangement her.

Stordalshallen er rikt utrusta og dermed kan ein tilby ei stor spennvidde kva gjeld aktivitetar. I tillegg opnar også området rundt for ytterlegare muligheiter, med både kunstgrasbane, løpebane (tartandekke), symjehall, skatepark og leikeplass. Ikkje minst er kombinasjonen der ein nyttar Overøye-Langsæterområdet til skiaktivitet på dagtid og tilboda ved Stordalshallen på kveldstid, verkeleg populært. Eksterne besøk ga hallen ei inntekt på om lag kr.200.000 i 2018. I tillegg kjem ringverknadane desse besøka har for resten av lokalsamfunnet vårt.

Lag og organisasjonar i Stordal har nemleg også ei unik evne til å få til arrangement og mange av desse går av stabelen nettopp i Stordalshallen. I 2018 vart det i tillegg arrangert jubileumsfest for Stordal IL i høve 100 årsjubileet. Det er ikkje minst også stas å trekkje fram at det var nettopp i Stordalshallen at Fylkesfestivalen av UKM gjekk av stabelen dette året.

Tradisjonen med å arrangere årsfest er vidareført. Inntektene dette fører med seg ligg på rundt kr 50.000, men i tillegg til dette er dette eit arrangement som verkeleg er samlande. I 2018 var det Vinje som hadde arrangøransvaret og dei kan sjå tilbake på ein særst vellukka fest.

Stordal bibliotek

Samfunnsrolla for biblioteka ligg i skjæringspunktet mellom kulturpolitikk, utdanningspolitikk og ein politikk for å styrkje demokratiet. Biblioteket er ei lovpålagd oppgåve.

Stordal bibliotek har 2 tilsette, og totalt 0,48 årsverk. I tillegg har skulebibliotekdelen ein stillingsressurs på 10 %, samt at dagleg leiar for frivilligsentralen har kveldsvakt 2,5 time i veka.

I 2018 lånte biblioteket ut 6637 titlar og dette er 356 færre utlån enn det ein hadde i 2017.

Nedgangen gjeld i hovudsak utlån av skjønnlitteratur til barn, samt utlån av film til barn.

Talet på fyrstegangslån av skjønnlitteratur for vaksne har auka med 180 titlar. Talet på besøk er 2613.

I meldingsåret var Stordal bibliotek arrangør/med-arrangør for i alt 6 arrangement som hadde eit samla publikumstal på om lag 210.


Stordal bibliotek var også i 2018 med på *Sommarles* som er ei landsomfattande lesekampanje for barn.

Biblioteket organiserer høgtlesingsstund på Stordalstunet ein gong i veka. Det er frivillige leseombod som står føre høgtlesinga.

Biblioteksjef Bjørg Moltu fekk tildelt bibliotekprisen 2018 i Møre og Romsdal. Det er Norsk bibliotekforening, avdeling Møre og Romsdal som deler ut denne prisen.

Biblioteket skal vere ein aktiv og levande aktør i lokalsamfunnet, og sett i forhold til ressursane ein har til rådvelde må ein vel seie at lokalsamfunnet får mykje igjen.

Biblioteket spelar ei vesentleg rolle når det gjeld helse, trivsel og bulyst.



Stordal frivilligsentral

Stordal frivilligsentral blir drifta ut frå lokale føresetnader og behov. Aktivitetar byggjer på frivillig innsats, bidreg til å skape sosiale møteplassar og legg til rette for lokal frivillig verksemd. Stordal frivilligsentral er eigd av Stordal kommune og dagleg leiar er tilsett i 100% stilling. Dagleg leiar er også koordinator for Stordal ungdomsråd og Stordal ungdomsklubb. Sentralen har eige styre som består av representantar frå lag og organisasjonar, samt representantar oppnemnd av Stordal kommune.

Frivilligsentralen er medlem av Norges Frivilligsentraler, og representert i styret i Frivillig Møre og Romsdal. Dagleg leiar er nettverksleiar for frivilligsentralane på Nordre Sunnmøre.

Frivilligsentralen har sidan oppstarten i 2010 blitt ein arena for mangfaldig aktivitet i kommunen. Det er 5500 menneske innom i løpet av året og dette er aktivitet både i regi av frivilligsentral, ungdomsklubb, lag/organisasjonar, private eller andre avdelingar innan kommunen.

Utstyrsbase for aktivitet og friluft vart oppretta i 2017 ved hjelp av midlar frå Barne- ungdoms- og familiedirektoratet. Dagleg leiar organiserer drifta og her kan alle låne gratis friluftsutstyr. I 2018 var det 160 unike utlån og det er no søkt om midlar til utviding av basen. Frivilligsentralen har ei lang rekkje tiltak og lågterskel aktivitetar retta mot ulike aldersgrupper og personar med ulike funksjonsnivå. Nokre av aktivitetane er i samarbeid andre avdelingar, lag og organisasjonar eller enkeltpersonar. Det er også samarbeid med frivilligsentralen i Norddal.

Barnas kommune er vidareført via frivilligsentralen og i 2018 var det laga sommarprogram med ulike aktivitetar. For 2019 er det søkt midlar frå Barne- ungdoms- og familiedirektoratet til ferieaktivitetar.

Aktiviteten ved frivilligsentralen har auka kvart år sidan oppstarten, og ein ønskjer å oppretthalde same aktivitetsnivå framover. utfordringa for dagleg leiar er å ha nok kapasitet til å ta seg av alle dei ulike oppgåvene.

Stordal ungdomsråd

Målsetjinga med Ungdomsrådet i Stordal kommune er å engasjere ungdommen i praktisk politisk arbeid og samstundes gje dei unge betre høve til å bli høyrte og dermed auka innflytelse i saker som har betydning for dei.

Stordal ungdomsråd består av to representantar frå aldersgruppa 16-19 år og tre representantar frå ungdomssteget. Ungdomsrådet er styret for Stordal ungdomsklubb.

Ungdomsrådet har jobba med Ungdommens miljøkrav, leikeområdet ved Stordalskule (i samarbeid med FAU og det har vore felles møter med Norddal ungdomsråd med tanke på samanslåing av råda i høve samanslåing til Fjord kommune.

To representantar frå ungdomsrådet var delegatar til Ungdommens Fylkesting i november.

Ei av utfordringane i ungdomsrådet har vore at koordinator har hatt lite tid og kapasitet til å følgje opp dei ulike vedtaka og oppgåvene dei ønskjer å jobbe vidare med.

Ungdomsråd vil bli lovpålagt kommunalt rådgivande organ frå 01.01.20.

Stordal ungdomsklubb

Stordal ungdomsklubb skal drive ein open treffstad for ungdom i Stordal kommune. Ungdomsklubben skal utvikle venskap og trivsel hjå ungdomane i eit røyk- og rusfritt miljø. Den skal vere open for all ungdom frå ungdomsskulesteget og opp til 20 år.

Opningstider er onsdagar kl 20:00-22:00, der leiar av frivilligsentralen er vakt, og laurdagar kl 20:00-24:00. Laurdagar er det foreldre til elevar i ungdomsskulen som er vakter. Koordinator sender ut foreldrevaktliste på hausten. Denne ordninga har fungert bra, men den siste tida har det vore færre ungdommar til stades, spesielt på onsdagar. Ein må vurdere om ein skal halde fram med å ha to klubbkveldar pr. veke.

Ungdomsklubben er samlokalisert med frivilligsentralen og driftar også musikkverkstaden. Ungdomsklubben leiger ut lokalet til t.d. barnebursdag og selskap for øvrig. Frivilligsentralen låner ut lokala gratis til lag og organisasjonar.

Folkehelse

Fram til 01.08.18 var det tilsett folkehelsekoordinator i 50% stilling som ein del av kulturteamet. Kommunen er med i God Helse partnerskapet i Møre og Romsdal.

Stordal kommune har i sin samfunnsplan gode mål for folkehelsearbeidet. Lite ressursar gjer at systematisk arbeid blir nedprioritert, men vi har kort kommunikasjonsveg internt i kommunen slik at vi har mykje samhandling på tvers. Stordal kommune er i ferd med å utarbeide oversikt over folkehelsearbeidet, og ønskjer å vidareføre aktuelle tiltak retta mot folkehelse.

Dei fleste tiltaka innan God Helse er vidareført av andre tilsette, her kan nemnast Stikk Ut og Stikk Ut Ski i samarbeid med Sunnmøre Friluftsråd og frivillige, Kulturkafé på Stordalstunet i samarbeid med eldreråd, Stordalstunet og frivilligsentral.

Fleire lokale lag og organisasjonar gjer mykje godt arbeid for folkehelsa i form av aktivitetar, turar og sosiale treff.

Arbeidet med turstiar, rydding og merking er eit område som bør prioriterast framover.

Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg



Omhandlar følgjande tenesteområde:

- Helsetenesta
 - Fysioterapi
 - Psykiatri
 - Helsesøster, jordmor
 - Legeteneste
 - Sosialteneste / NAV / Barnevern

- Omsorgstenesta
 - Stordalstunet
 - Tiltak for personar med nedsett funksjonsemne
 - Institusjonstenesta
 - Omsorgssenter

År	Rekneskap og budsjett			Bemanning			
	Netto driftsutgifter	Budsjett	Forbruk %	Årsverk	Andel % kvinner	Andel % menn	Sjuka fråvær
2018	30 729 352	32 273 685	95 %	45,0	90 %	10 %	11,7 %
2017	31 028 360	29 562 500	105 %	44,2	94 %	6 %	9,1 %
2016	31 484 400	26 276 620	120 %	49,2	93 %	7 %	15,5 %
2015	28 062 866	24 740 000	113 %	53,3	94 %	6 %	11,9 %

Driftsrekneskapen for rammeområde 3 Helse og omsorg syner eit mindreforbruk på kr 1.544.333 samanlikna med revidert budsjett. Rammeområdet fekk styrka sitt budsjett i budsjettrevisjon desember 2018, med kr. 2.869.000 med grunnlag i ekstraordinære kostnader innan legetenesta, høgt budsjettert tilskot innan open omsorg og innan fysioterapi.

Pleie- og omsorgstenesta

År	Rekneskap og budsjett			Bemanning			
	Netto driftsutgifter	Budsjett	Forbruk %	Årsverk	Andel % kvinner	Andel % menn	Sjuka fråvær
2018	23 255 058	24 149 245	96 %	38,87	91 %	9 %	10,7 %
2017	25 028 169	22 228 850	113 %	38,3	93 %	7 %	10,0 %
2016	25 944 815	20 793 000	125 %	43,0	92 %	8 %	16,8 %
2015	22 627 020	18 518 400	122 %	46,4	93 %	7 %	12,6 %

Tal på tenestemottakarar	01.01.2018	31.12.2018
Institusjonsteneste	15+3 gjestepas.	18
Heimeteneste	36	34
Bu- og habiliteringsteneste	5	6

Institusjonstenesta

På Stordalstunet var arbeidsmengda og talet på brukara auka i forhold til siste halvdel i 2017. Kommuna tok i mot til saman fire gjestepasientar i slutten av desember 2017 og januar 2018 med opphald fram til februar. Det blei også behov for å tildele fleire kortidsopphald pga rehabilitering og sjukdom første månadane. Arbeidsmengda og talet på brukarar gjekk ned på begynnelsen av våren men tok seg opp igjen april og mai med fleire alvorlege sjuke og ressurskrevande brukarar som fekk auka pleiebehov. Arbeidsmengda stabiliserte seg og var stabil fram til slutten av året då arbeidsmengda auka der fleire har fått auka pleiebehov og det blei behov for å tildele kortidsopphald.

Kjøkken og reinhald

Støttefunksjonar innan omsorgstjenesta med eige institusjonskjøkken og reinhald er stabile og velfungerande og trivselsframmande ordningar for bebuarane på institusjonen. Tjenestene har høg grad av serviceorientering og fokus på brukarmedverknad etter ønskje frå brukarane i samband med tjenesteutøving.

Frivillig involvering

På Stordalstunet er vi heldige som får samarbeide med frivillige organisasjonar i bygda og kultusektoren, og dette set brukarane stor pris på. Det blir arrangert aktivitetar med trimgruppe, lesestund, aktivitetsgruppe, kafedagar med kulturelle innslag, andakt og seniorshop. Desse gruppene lagar ei fin sosial ramme for brukarane både på Stordalstunet og innan open omsorg. Eit av arrangementa for dei sprekaste brukarane som vart arrangert av aktivitetsgruppa, var tur til Kokarsteinen der det var servering av is og kaffi.



Fysioterapeut

Den kommunale fysioterapeuten har oppgåver med behandling – og treningstiltak opp mot bebuarane på Stordalstunet. I samarbeid med tilsynslege og pleiepersonalet utøver fysioterapeuten individretta tiltak dersom den einskilde bebuar medisinsk fagleg treng det.

Utfordringar og forbettringspotensiale

- **Ledige rom**
Antal brukarar varierer og det har vore ledige rom tilgjengeleg. Erfaringar med salg av plassar til andre kommunar er at det blir kjøpt plassar til krevande brukarar slik vi i enkelte tilfelle har blitt nødt å vurdere å bemanne opp.
- **Sjukepleiefagleg ansvar/kvalitetsarbeid**
Det er to dagar i veka satt inn ein sjukepleiar som har det faglege ansvaret som tek legevisitt og sjukepleiefaglege oppgåver på Stordalstunet. Ser at det er eit behov for å ha ein sjukepleiefagleg ansvarleg dagleg der ein får utført lovpålagte oppgåver som bla kvalitetsarbeid.
- **Rekruttering**
På Stordalstunet er fleire tilsette i ferd med å passere og fleire har passert 60 år. Enkelte tilsette er under utdanning som helsefagarbeider og ein vil legge tilrette for kompetanseheving slik ein kan få dekkja Stordalstunet sitt behov. Det er også behov for å rekruttere sjukepleiar til vakant stilling.



Heimetenesta

Etter omorganisering ligg no heimetenesta og bu- og habiliteringstenesta under same eining, og er samlokalisert i omsorgssenteret på Simamarka.

Heimeteneste er hjelp og vegleing til den som har behov av pleie og omsorg i eigen heim, samt medisinsk behandling i nært samarbeid med lege. Heimetenesta arbeider framleis med å legge til rette for at heimebuande skal kunne bu heime lengst mogleg, jamfør både nasjonale og kommunale målsetningar. Antall tenestemottakarar har vore stabilt, medan pleietyngda kan variere i periodar. Godt samarbeid med institusjonstenesta og legetenesta gir smidige overgangar mellom tenestenivå. Ein har framleis ikkje nattpatrulje, og dette kan gjere vegen frå heim til institusjon i einiskildhøve kort, men også her ser ein etter tenelege og ressurseffektive løysingar.

Bu – og habiliteringstenesta har som mål å tilby fagleg forsvarlege tenester etter gjeldande lovverk og forskrifter. Tenestetilbodet vert jamnleg vurdert og tilrettelagt den einskilde sitt behov for bistand gjennom

ulike personretta tiltak. Tenesta skal bidra til meningsfulle kvardagar gjennom å bevare sosialt nettverk, moglegheit til yrkesaktivitet, og den einskilde si oppleving av tryggleik og meistring.

Open omsorg har fleire tilsette som er i ferd med å slutføre si utdanning som helsefagarbeidar, og ein vil fortsette å legge til rette for kompetanseheving i takt med kommunen sine behov. Parallelt er alle tilsette i stilling over 50% i gang med ei kursrekke innan velferdsteknologi og tenesteinnovasjon saman med Norddal kommune.

Rehabiliteringstenesta

Kommunefysioterapeuten har oppgåver med behandling- og treningsstiltak opp mot bebuarar på Stordalstunet. I samarbeid med tilsynslege og pleiepersonalet utøver fysioterapeuten individretta tiltak dersom den einskilde bebuar medisinsk fagleg vurdert treng det. I tillegg vert det utøvd førebyggjande arbeid og hjelpemiddelhandtering til innbyggjarar i heile kommunen. Det er ikkje tilsett ergoterapeut i kommunen.

ØHD-teneste

Våren 2017 vart det etablert ØHD-teneste via interkommunalt samarbeid med nabokommunar om ei eining lokalisert i gamle Åse Sjukeheim, og samlokalisert med legevakttenesta. Hensikta med ØHD er yting av enklare akutte tenester nærare der pasientane bur og på lavast mogleg nivå, det vil seie på kommunenivå. ØHD sine oppgåver er observasjon og utgreiing av akutt innsettande sjukdom og tilpassa initierende behandling der helsetilstanden elles er avklara. Oppfølgjande behandlingsintervensjon skal skje lokalt i Stordal. Det krev god tilgang på lege- og sjukepleieteneste, noko som venteleg vil auke i framtida. Samhandlingsreforma frå 2012 er ein retningsreform der kommunar gradvis får overført fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta. Det må kommunen være budd på.

Utfordringar i tenestene no og framover

Rekruttering av fagpersonale

Det er tilsett mange dyktige helsefaglege medarbeidarar i omsorgstenesta. Fleire ufaglærte assistentar ha satsa på å utdanne seg til helsefagarbeidar. Utfordringa er å rekruttere tilstrekkeleg personell med høgare utdanning. Som ledd i alle dei sjukepleiespesifikke oppgåver som omsorgstenesta må handtere, mellom anna grunna samhandlingsreforma og ØHD tiltaket, er det lite optimalt med sjukepleiar i bakvakt. Målet er å ha sjukepleiar i aktiv vakt alle døgnets timer, året rundt. I tillegg er tett samarbeid mellom institusjonstenesta, heimetenesta, bu- og habiliteringstenesta viktig for å sikre tilgang på sjukepleiefagleg kompetanse innan heile tenesteområdet.

Demensomsorg

Dagtilbod er ei teneste som i omsorgsplan 2020 vert pålagt kommunane opp mot heimebuande eldre med demens sjukdom. Omsorgstenesta si vurdering er at det også er behov for slikt tilbod, som

helsefremmande tiltak, då eldre heimebuande ofte opplever einsamheit og/eller lite stimulering i kvardagen. Personalet er budd på å drifte eit dagsenter, då dei kontinuerleg gjennom to år har tileigna seg meir kunnskap innan dette fagfeltet. Dei har delteke i læringsgruppa demensomsorgens ABC.



Omsorgsplan 2020/ velferdsteknologi

I tillegg til aktiv omsorg og dagtilbod er overordna tema i omsorgsplan 2020 brukarmedverknad, førebygging, meistring, lindrande behandling og velferdsteknologi. Prosjektarbeid i velferdsteknologi – å kunne leve lenger i eige liv - blei initiert mot slutten av 2017, i samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune. Velferdsteknologi er eit framtidretta verkemiddel for å realisere viktige verdiar for brukarar, pårørande og tenestene. Teknologien skal bidra til berekraftige tenestetiltak i framtida når det blir fleire eldre og færre tenesteutøvarar.

Kvalitetsarbeid og forbetningsnettverk

Hensikta med kvalitetsarbeid er å sikre at all tenesteyting er forankra på ein systematisert og strukturert måte. Tenesteleveransen skal være fagleg forsvarleg og den skal opplevast trygg og føreseieleg. Stordal og Norddal har starta felles prosessarbeid med kvalitetsforbetring, enten ved å utarbeide nye rutinar og prosedyrar eller å revidere dei eksisterande. Forbetningsprosess har som mål å sikre at pasientar får heilskapleg teneste og at det er saumlause overgangar mellom dei ulike tenestenivå, både internt i eigen kommune og eksternt opp mot helseføretaket.

Spesifikasjon av rekneskapstal pr. ansvarsområde innan pleie og omsorg

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik
Stordalstunet	14 013 115	13 379 432	633 683
Omsorgssenteret	4 070 780	5 218 992	1 148 212
Heimetenesta	3 065 887	3 749 487	-683 600
Vaksenhabilitering	2 105 276	1 801 334	303 942
Sum			1 402 237

Resultatet frå drifta i 2018 viser eit overforbruk samanlikna med budsjettet. Årsaker til dette er mellom anna kompleksiteten og krava til forsvarleg tenesteytinga, styrka personalressursar og vikarbruk grunna fleire langtidssjukemeldingar blant personalet. Det vart også budsjettert med for høgt tilskot for ressurskrevjande brukarar, noko som gjorde at vi måtte foreta ein budsjettrevisjon i slutten av 2018.

Helsetenesta

År	Rekneskap og budsjett			Bemanning			
	Netto driftsutgifter	Budsjett	Forbruk %	Årsverk	Andel % kvinner	Andel % menn	Sjuka fråvær
2018	7 474 294	8 124 440	92 %	6,1	89 %	16 %	8,9 %
2017	6 637 375	7 033 650	94 %	5,9	100 %	0 %	2,7 %
2016	5 883 708	5 876 620	100 %	6,2	100 %	0 %	5,4 %
2015	5 126 972	6 040 000	85 %	6,9	100 %	0 %	6,9 %

Totalt sett har helsetenesta eit mindreforbruk på kr.650.146 samanlikna mot revidert budsjett.

Etter over 7 år i stillinga, valde kommunelege Jessica Herje Eik å avslutte arbeidsforholdet juni 2018. Kommunen tilsette Michael Aasen i stillinga frå 1.oktober, og i mellomtida leigde vi legetenester frå vikarbyrå. Dette er kostbart, og det vart foretatt budsjettregulering på eininga.

Helsetenesta har 6,1 årsverk, fordelt slik:

- Kommunelege/turnuslege 2 årsverk
- Legesekretær, bioingeniør 1,5 årsverk
- Fysioterapeut 0,5 årsverk
- Psykiatri 1,1 årsverk
- Helsesøster 0,6 årsverk
- Reinhold 0,4 årsverk

Legetenesta

Drifta i 2018 har vore arbeidssom etter at kommunelege slutta. Før ny kommunelege starta 1.oktober, hadde vi 3 vikarleger inne, noko som krevde mykje av dei andre innan legetenesta. Med dyktige medarbeidarar vart legekantoret drifta meget godt, sjølv med fleire vikarleger inne i løpet av kort tid. Stadig aukande lovkrav gjer helsetenesta avhengig av interkommunale avtalar, sidan det ikkje er mogleg å drifte disse tenestene sjølve.

Jordmortenesta

Vi kjøper jordmorteneste frå Skodje kommune. Utgiftene til dette er forutsigbare og stabile, og det er ingen driftsmessige utfordringar slik ordninga er no.

Helsestasjon

Drifta har vore som forventa i 2018. Det er utfordringar knytt til å levere tenester til alle, då helsestasjonen ikkje er universelt utforma. Retningsliner vert stadig endra og dei lovpålagte oppgåvene har auka. Helsesøster er nødt til å prioritere sitt arbeid og rekk tidvis ikkje over alt som er lovpålagt innan dei fristar som er sett.

Psykisk helsetjeneste

Psykisk helsearbeider har vore langtids sjukmeldt i delar av 2018. Det er difor eit overskot på denne posten for 2018. Stordal kommune leigde inn vikar, og lønnsutgifter er gjenspeila i rekneskapen.

Fagleg sett har det vore aukande antal henvendingar av fleire grunnar :

- Spesialisthelsetenester gir kortare behandlingssopphald/ kortare kontakt
- Lang ventetid hos spesialisthelsetenesta
- Etterspurnaden aukar fordi det kommunale tenestetilbodet er meir kjent enn tidlegare, og fleire søker hjelp sjølv i kriser
- Fleire personar har tatt kontakt pga. akutte behov, noko som er forårsaka av arbeidsløyse og permittering eller andre vanskar i arbeidslivet
- Psykiske vanskar ser ut til å være meir omfattende og av samansatt karakter enn tidlegare

Rammeområde 6 – Etat for tekniske tenester, plan og utvikling, TSSN

År	Rekneskap og budsjett			Bemanning			
	Netto driftsutgifter	Budsjett	Forbruk %	Årsverk	Andel % kvinner	Andel % menn	Sjuka fråvær
2018	5 621 506	5 093 000	110 %	8,1	1 %	99 %	2,9 %
2017	3 375 016	4 700 000	72 %	7,7	1 %	99 %	2,0 %
2016	5 261 463	5 262 180	100 %	8,2	1 %	99 %	1,2 %
2015	4 106 890	4 834 000	85 %	8,7	1 %	99 %	4,5 %

TSSN – teknisk samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune vart etablert frå 01.01.2011 og har seinare vorte formalisert gjennom permanente avtalar mellom kommunane.

Etaten omfattar desse ansvarsområda:

- Plan (kommuneplan og regulering)
- Byggesaker
- Oppmåling (matrikkelsaker, målegrunnlag og kartverk)
- Grunnerverv
- Brann (brannberedskap, feiing og oljevern)
- Slamtømming
- Renovasjonstenester i samarbeid med Årim
- Kommunale vegar (inkl. brøyting, strøing, bruer, gatelys og ferister)
- Offentlege plassar og grøntområde
- Vatn og avløp (renseanlegg, pumpestasjonar og ledningsnett)
- Drift/vedlikehald kommunale bygningar
- Kaianlegg

I tillegg har avdelinga oppgåver knytt til planlegging og gjennomføring av fleire investeringsprosjekt.

Årsomtale 2018

Etaten har store delar av året hatt vakansar knytt til 2 ingeniørstillingar + funksjonen som brannsjef. Vakanse og skifte av mannskap gjer oss sårbare når vi er så få, og dette har påverka avdelinga sin kapasitet, både i høve dagleg drift og prosjektgjennomføring.

Sæmund Vattøy vart tilsett som ingeniør frå 01.11.2018. Vattøy skal særleg arbeide med digitalisering av ledningsnett. Ein fekk og på plass avtale med Håvard Fiskaa om å ivareta funksjonen som brannsjef for Stordal kommune frå 05.11.2018 til 31.12.2019. Fiskaa har lang erfaring som brannsjef frå Vestnes og Ørskog kommune, og vil i tillegg til overordna ansvar for brannvesenet, arbeide for at vi skal få på realisert ny brannstasjon.

Odd Halvard Midtbust gjekk av med pensjon 01.08.2018 etter 31 års teneste ved uteavdelinga. Denne 40% stillinga har vore halde vakant ut året.

I tillegg til ordinær drift, vil ein for 2018 særleg nemne desse arbeidsområda:

- Arbeid knytt til kommunesammenslåing
- Barnehage Grigåsørbbane
- Arbeid med tekniske anlegg Grigåsørbbane
- Større vedlikehaldsoppgåver innan vatn og avløp

- Skifting av stikkrenner Overøye
- Tilknytning av nye hytteområder til vatn og avløp Nørddalen
- Planarbeid knytt til hytteområder i Nørddalen
- Skifting av tak Stordalshallen
- Oppgradering el-anlegg rådhus etter pålegg frå el-tilsyn
- Montering av SD-anlegg for avløpspumpestasjonar

Utfordringar for TSSN i 2019

Arbeidet med samorganisering mot Fjord kommune vil verte krevjande i 2019. Sjølv etter mange år med samarbeid har kommunane ulik struktur og utgangspunkt særleg for teknisk drift.

Av vedtekne investeringsprosjekt er der både stort etterslep, samt mange nye vedtekne prosjekt. Arbeid knytt til prosjekt vil vere ei viktig oppgåve i 2019.

Prioriterte oppgåver i 2019:

- Ferdigstilling barnehage
- Ferdigstilling Grigåsrbbane
- Utbetring av veg Øvre Dyrkorn
- Vegløysing Langhaugen
- Bygging slamavskiljar Dyrkorn og Stordal
- Brannstasjon
- Tilknytning hytter til vatn og avløp Nørddalen
- Utbetringar på vannbehandlingsanlegg Øvrebust
- Arealplan Nørddalen
- Sakshandsaming reguleringplanar under arbeid
- Riving kailager
- Ledningskartverk



Frå utrasa veg på Langhaugen

Rammeområde 9 – Finansinntekter/finansutgifter

- Betalingsformidling
- Renter på innlån og utlån
- Finansplassering
- Avdrag på lån
- Avskrivninger
- Skatt på inntekt og formue
- Rammetilskot og andre tilskot
- Bruk av fond
- Overføring til investeringsrekneskap (eigenkapitalinnskot KLP)
- Disponering av tidlegare års driftsresultat
- Årets rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk

Spesifikasjon av dei vesentlegaste postane innan finansområdet

	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik mot budsjett	Rekneskap 2017	Budsjett 2017
Rammetilskot	54 624 154	56 632 000	-2 007 846	56 722 288	55 438 000
Skatt	22 561 913	21 068 000	-1 493 913	21 128 897	20 423 000
Avdrag på innlån	5 530 386	5 819 000		5 021 190	5 900 000
Renter på innlån	2 722 088	2 398 700		2 585 684	2 960 000
Avskrivningar	6 789 473	7 206 891		6 755 257	7 000 000
Renteinntekt på bankinnskot	284 831	933 576		387 283	350 000
Finansforvaltning	-52 420	300 000		1 533 164	0

Stordal kommune har hatt ca. 3,5 mill. mindre i rammetilskot og skatteinntekt enn det som var budsjettert. Nedgang i folketalet har stor innverknad på desse elementa.

Kommunen si finansportefølje Aktiv Forvaltning har tidlegare år gitt kommunen urealisert gevinst, men ved utgangen av 2018 hadde portefølja en verdi som var 52.420 lavare enn i starten av 2018.



